



Irmelin Maureen Palme Kårbø  
Fløytingen 74 A  
3514 HØNEFOSS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2635 - 18/24269

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

20.11.2018

## Trong for opplysningar - GBNR 45/21 - Søknad om løyve til oppføring av tilbygg - Vikebø

Vi viser til søknad om løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gbnr. 45/21, journalført motteke 12.11.2018.

De har søkt om løyve til oppføring av eit tilbygg til eksisterande fritidsbustad. Tiltaket er omsøkt utan ansvarsrett. I brev vedlagt søknaden viser du til at de ønskjer å gjere følgjande oppgradering på fritidsbustaden:

- Rive eksisterande tilbygg og bygge nytt tilbygg
- Isolere fritidsbustaden på nytt
- Skifte vindauge, kledning, ytterdør og tak
- Føre opp ein balkong med glassrekkverk i front av fritidsbustaden
- Reparere brygga i front av fritidsbustaden
- Byggje ei smal brygge/sti langs land frå hytta og fram til bryggja på gbnr. 45/140

Når ein skal skifte vindauge, tak, dører og kledning, samt isolere, er dette ei vesentleg endring eller reparasjon av ein bygning. Dette er søknadspliktige tiltak med krav om ansvarleg føretak, jf. plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3, jf. 20-2, jf. 20-1 bokstav a) og b). Det same gjeld for reparasjon av brygga.

Vidare er oppføring av balkong eit søknadspliktig tilbygg på lik linje med tilbygget de allereie har søkt om. Balkongen og endringane på eksisterande bygning er i tillegg søknadspliktig fasadeendring, jf. pbl §§ 20-3, jf. 20-2, jf. 20-1 bokstav a) og c).

Den omsøkte eigedomen er sett av til noverande bustadområde i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Oppføring av tiltak til eksisterande fritidsbustad, i eit område som er satt av til bustadområde, er i strid med gjeldande arealformål. Dei nemnde tiltaka krev dermed dispensasjon frå arealformålet bustadområde, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 første ledd.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt


www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Ei brygge langs sjøen er ein konstruksjon etter pbl § 20-1 bokstav a), som er søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak, jf. §§ 20-3, jf. 20-2.

Byggjegrensa mot sjø er vist som stipla, grå, linje på kommuneplanen sitt arealkart under. Tiltak som kjem i konflikt med byggjegrensa krev i tillegg søknad om dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 første ledd.



Viss de ønskjer å gjennomføre alle tiltaka du viser til i brevet, må dei søkjast om som vist til ovanfor. Viss kommunen skal handsame søknad om løyve til tilbygg, må det sendast inn nye teikningar som viser fritidsbustaden før og etter det omsøkte tilbygget. Tilbygget må visast på fasade-, snitt- og planteikningar i målestokk 1:100. Måla på tiltaket må førast på planar og snitt.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Irmelin Maureen Palme Kårbø

Fløytingen 74 A 3514

HØNEFOSS